

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

Retningslinjer for eigenbetaling ved Nord universitet

Retningslinjene er heimla i UH-loven (01.04.2005), Forskrift om eigenbetaling ved universiteter og høyskoler (01.01.2006) og rektorvedtak av 03.03.2017. Sist endra ved rektorvedtak 07.12.2017.

Retningslinjene gjeld berre ordinære studium finansierte over tildeling frå departementet. For bidrags- og oppdragsfinansierte studium (BOA), sjå egne retningslinjer. Semesteravgift er heimla i Lov om studentsamskipnader § 10. Det betalast også avgift til Kopinor.

Omfang

Ifølgje Universitets- og høyskoleloven kan ikkje universitet og høyskolar krevje eigenbetaling av studentar for ordinære utdanningar som leiar fram til ein grad eller ei yrkesutdanning. Eigenbetaling kan berre krevjast i samsvar med Forskrift om eigenbetaling, og gjeld studietilbod retta mot enkeltstudentar. (Verkeområdeføresegna i § 1 i Forskrifta.)

Læremiddel og materialavgifter

Studenten har ansvar for å skaffe seg pensumlitteratur og studiemateriell. Studenten må også disponere berbar PC.

På studium der det inngår materialavgifter, skal dette dekkjast av studenten. Kostnaden reknast ut av det aktuelle fakultetet ut frå reelle kostnader. Avgifta må kunne dokumenterast og vere lik innan same fagområde, uavhengig av geografisk plassering. (Jf. Forskrift om studium og eksamen ved Nord universitet, § 6-1.)

Ekskursjonar og studieturar

Pålagde ekskursjonar knytte til feltarbeid der innhenting av materiale og/eller observasjonar inngår, der ferdigheiter i studiet øvast opp samt obligatoriske studieturar, må dekkjast av det aktuelle fakultetet.

Andre studieturar der studenten betalar sjølv, må vere frivillige. Fakulteta må då tilby eit fagleg tilfredsstillande alternativ for dei som ikkje ønskjer å delta på turen. Eksamen og andre vurderingar kan ikkje knytast til opplegget for turen, med mindre det ligg føre alternative eksamensformer for dei som ikkje deltek. Kostnadene for studentane må ikkje vere urimeleg høge, men i tråd med den til ei kvar tid gjeldande studiefinansieringa.

Praksis

For utgifter i samband med praksis viser vi til egne retningslinjer for Nord universitet.

Unntak frå forskrifta – eigenbetaling for studium eller emne

Forskrifta (§ 3-2) opnar opp for at statlege institusjonar kan krevje eigenbetaling i følgjande tilfelle:

a) for kurs

b) for fag/emne som normalt ikkje er ein del av studieprogram som fører fram til grad eller yrkesutdanning

c) for erfaringsbaserte mastergradsstudium

d) av studentar som fyller opp ledige plasser på oppdragsfinansierte studium

Eigenbetalinga kan dekkje kostnadene delvis eller fullt ut. Styret, eller den styret delegerer til, godkjenner at det aktuelle emne eller studium finansierast med eigenbetaling samt storleik på eigenbetaling.

Særskild tilrettelegging for undervising

Det kan krevjast eigenbetaling for studentgrupper i dei tilfella der det, som ei spesiell tilrettelegging, gjevast undervising på stader utanfor det campuset der undervisinga normalt skjer. I slike tilfelle må det søkjast departementet om unntak frå hovudregel om at statlege institusjonar ikkje kan krevje eigenbetaling frå studentar.

Vederlag frå eksamenskandidatar som ikkje er tekne opp som studentar (privatistar)

Styret fastset satsar for å halde eksamen for kandidatar som ikkje er tekne opp som ordinære studentar til vedkomande studieprogram eller fag/emne, jf. § 2-1 i Forskrifta.

Vederlaget (per 01.01.2017) fastsetjast etter følgjande ordning:

For eksamen(ar) i eitt emne med: 0-30 studiepoeng - kr 3000

For eksamen(ar) i eitt emne med: over 30 studiepoeng - kr 4000

I tillegg skal det betalast semesteravgift til studentsamskipnaden.

Ved nytt eksamensforsøk på grunn av stryk eller som følge av gyldig fråværsgrunn, betalast det ikkje nytt vederlag. For nytt eksamensforsøk der meininga er å forbetre karakteren, krevjast vederlag etter oppgjevne satsar.

Kunngjering

Eventuell eigenbetaling på dei aktuelle studium skal spesifiserast i studie- og emneplanar. I tillegg må informasjon om dette finnast på alle nettsidene til universitetet som omhandlar det aktuelle studiet.

Fristar for betaling

For alle fag der universitetet kjøper inn og reknar ut materialkostnader, skal dette fakturerast samstundes med betaling av semesteravgift. Forfallsdato fastsetjast av det aktuelle fakultetet.

Betaling for frivillige studieturar skjer i samsvar med vilkåra til fakultetet.